

Handlingsprogram 2023-2026

Regional plan kultur 2023 - 2035 Vestland

1. Vestland - ein leiande region

Strategiar 2023-2026		Tiltak/Handlingar
Mål:	Vestland skal vere eit leiande kulturfylke	
Del-mål:	1. Kulturelle kraftsenter skal utvikle regionale kvalitetar og ressursar	<p>1. <i>Styrke Vestland si leiande rolle ved å satse på og utvikle gode initiativ og sterke fagmiljø</i></p> <p>Utvikle Vestland som kulturregion og Bergen som kulturby. Satsinga skal ha basis i kulturinstitusjonar med nasjonal relevans, det frie feltet og utdanningsinstitusjonane.</p> <p>Stat, fylkeskommune og kommunar skal ha tilskotsordningar til drift og prosjekt, i samsvar med Regional plan for kultur, og som kjem kulturlivet i heile fylket til gode.</p> <p>Samarbeide for å lokalisere fleire statlege kulturarbeidsplassar og -institusjonar til Vestland.</p> <p>Støtte initiativ og fagmiljø som er sentrale i utviklinga av nynorsk som kvardagsspråk, kunstspråk og kulturberar.</p>

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
	<i>2. Institusjonar med statleg og fylkeskommunal finansiering skal vere drivkraft i den regionale kulturutviklinga</i>	Styrkje frivillig kulturliv, idrett og friluftsliv som arena for inkludering og mangfald.
		Utvikle Vestland som nasjonalt tyngdepunkt for folkemusikk.
		Styrkje fordjupingstilboda og talentsatsinga i Vestland.
		Rette opp nasjonal skeivdeling av økonomiske midlar som råkar kulturlivet i Vestland, og styrkje økonomien i institusjonane med delt finansiering (drift og investering).
		Støtte opp under framveksten av sterke regionale institusjonar og kulturelle kraftsenter på det profesjonelle feltet i heile fylket.
		Legge til rette for samarbeid og kompetanseoverføring mellom etablerte institusjonar, det frie feltet og kulturlivet elles.
2. Vestland skal ha eit profesjonelt kulturliv på høgt nivå	1. Sikre eit mangfald av institusjonar på høgt fagleg nivå med solid offentleg finansiering	Støtte produksjons- og formidlingsmiljø for film.
		Styrkje offentleg finansiering av kulturinstitusjonar på høgt fagleg nivå.
		Styrkje det offentlege ansvaret for finansiering av kunstverksemdar.
		Styrkje arkiv, bibliotek og museum slik at institusjonane kan løyse samfunnsoppdraget.
		Etablere verdsarvsenter knytt til Urnes, Bryggen og Vestnorsk fjordlandskap – Nærøyfjorden, under føresetnad om statleg medfinansiering.
	2. Sikre alle tilgang til opplevingar av profesjonell kultur	Styrkje arkivarbeidet i Vestland vidare, både knytt til dei lovpålagde arkivoppgåvene og innan formidling av vår felles historie ved å vurdere organisering og framtidig struktur i tråd med pågåande arbeid
		Styrkje kulturformidlinga og arrangørleddet gjennom nettverk og fagmiljø på tvers av kommunane.
		Stimulere at fleire kan vere publikummarar og redusere økonomiske og sosiale barrierar.
		Utvikle DKS-ordninga i samarbeid mellom kultur- og opplæringssektoren.
		Støtte turneverksemd.
		Støtte drifta av regionale nettverks- og kompetanseorganisasjonar.

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
	3. <i>Styrke infrastruktur og kompetanse på det profesjonelle feltet</i>	<p>Støtte internasjonalt samarbeid og utveksling av kunstnarar og kulturaktørar.</p> <p>Informere og rettleie om nasjonale og internasjonale program og støtteordningar.</p> <p>Arbeide for at alle kommunar skal omfattast av eit friluftsråd.</p> <p>Styrke Bevaringstenestene og etablere fellesløysingar for forvaltning, forskning og formidling ved musea i Vestland.</p> <p>Bidra til etablering av fellesmagasin og samlingssentrum for musea.</p> <p>Etablere bygningsvernsenter.</p> <p>Sikre lik tilgang til rådgjevingstenester innan bygningsvern i heile fylket.</p>
	4. <i>Legge til rette for profesjonelle aktørar innan det frie feltet i heile fylket</i>	<p>Stimulere regionale nettverks- og kompetanseorganisasjonar til å verke i heile fylket.</p> <p>Det frie feltet skal styrkast gjennom stipend, honorar og tilskot til kulturproduksjon.</p> <p>Legge til rette for arbeidsfellesskap og klynger i by og mindre stader.</p> <p>Styrke residensordningar for kunstnarar.</p> <p>Utvikle DKS-programmet sin relevans for frie grupper og utøvarar frå Vestland.</p>
3. Samarbeid mellom profesjonelle og frivillige aktørar, private og offentlege partar skal vere grunnlaget for satsing på topp og breidde	1. <i>Styrke samarbeidet mellom offentleg og privat sektor, og profesjonelt og frivillig kulturliv</i>	<p>Utvikle eit breitt, inkluderande og variert aktivitetstilbod til barn og unge, der desse er sentrale i planlegging og gjennomføring.</p> <p>Vidareutvikle samarbeidet mellom kultursektoren og skulesektoren.</p> <p>Prioritere støtteordningar for profesjonelle kulturaktørar sitt samarbeid med frivilligheita.</p> <p>Styrke dei regionale paraplyorganisasjonane på kulturfeltet, og støtte oppretting av nye, t.d. for kulturvern.</p> <p>Etablere samarbeid mellom sivilsamfunn og offentlege styresmakter på ulike kulturområde.</p> <p>Styrke ordninga for satsing på regionale kulturminne i kommunale kulturminneplanar.</p>

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
	2. <i>Styrke den kulturelle grunnmuren i alle kommunar</i>	<p>Sikre eit variert tilbod innan ulike kulturuttrykk for barn og unge, m.a. gjennom satsing på kulturskulane, Dans utan grenser, talentutviklingsprogram, frivillige organisasjonar, DKS og UKM.</p> <p>Styrke kulturskulane som tek ekstra ansvar i sin region, og utvikle den regionale samordnings- og utviklingsfunksjonen.</p> <p>Vidareutvikle folkebiblioteka som uavhengige, synlege og lågterskel møtestader og debattarena for alle.</p> <p>Halde oppe og utvikle lokale møteplassar som kulturhus, ungdoms-hus, livssynopne arenaer og idretts-/fleirbrukshallar.</p>
	3. <i>Utvide moglegheitene til å kunne utdanne seg i og leve av kultur</i>	<p>Legge til rette for ein tydeleg karriereveg frå ung, lovande utøvar til topputøvar.</p> <p>Sikre gode utdanningstilbod innan idrett og friluftsliv, kunst, musikk, dans og drama, og stimulere til samarbeid mellom kulturskular, andre kulturaktørar, vidaregåande opplæring og akademia.</p> <p>Utvikle regional læringsarena for tradisjonshandverk i samarbeid med vidaregåande skule og høgare utdanning.</p>
	4. <i>Alle kommunar i Vestland skal utvikle ein kulturpolitikk som er tilpassa den enkelte kommune sine behov og potensial</i>	<p>Strategisk utvikling av kulturfeltet i kommunane ved å planlegge for kultur, og setje temaet på den politiske dagsordenen.</p>
4. Vestland skal ha ein berekraftig kulturell infrastruktur med eit mangfaldig tilbod for alle	1. <i>Stimulere til berekraftige møteplassar og arenaer</i>	<p>Stimulere berekraftige og mangfaldige kulturarenaer og møteplassar gjennom tilpassa tilskotsordningar og anna utviklingsarbeid.</p> <p>Utvikle innhaldet i det digitale fylkesatlasen ved å samle og gjere tilgjengeleg informasjon om arenaer, kulturinstitusjonar, festivalar, m.m.</p> <p>Arbeide for å bevare INON-område, som arena for naturopplevingar og berekraftig friluftsliv.</p> <p>Legge til rette for kompetanseheving for utvikling av møteplassar og arenaer, både for organisert og eigenorganisert kulturaktivitet.</p> <p>Stimulere berekraftig løysingar og gjenbruk av eksisterande infrastruktur og bygg i arena- og anleggsutviklinga.</p>
	2. <i>Sikre eit variert utval av arenaer for kultur</i>	<p>Legge til rette for bruk av kommunale, fylkeskommunale og statlege bygg til kultur-, idretts-, og frivilligføremål, med låg eller ingen kostnad</p>

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar	
		Vidareutvikle arbeidet med nyskapande anlegg for fysisk aktivitet og evt. arbeide for justering av spelemiddelordninga.	
		Arbeide for realisering av Griegkvartalet, under føresetnad om at staten tek hovuddelen av kostnaden.	
		Realisere Gulatinget nasjonale kultursenter.	
		Kartlegge og utvikle strategisk viktige anlegg i Vestland, med vekt på regional og nasjonal funksjon.	
		Arbeide for fleire hovudanlegg for idrett i Vestland, og arenaer for store nasjonale og internasjonale meisterskap.	
		Inkludere livssynsopne arenaer i planlegging og utvikling av kulturfeltet	
		Legge til rette for regionale kulturscener i regionsentera	
		3. <i>Støtte opp om organiseringa av ein sterk frivillig sektor</i>	Stimulere til samarbeid mellom kommunane og frivilligheita gjennom utvikling av kommunal frivilligpolitikk.
			Fylkeskommunen og kommunane skal vurdere å innføre Fritids-erklæring.
			Sikre at kommunane har oppdatert oversikt lokal frivillig verksemd og aktivitetar, og gjer denne digitalt tilgjengeleg.
Etablere frivillighetssenter i Vestland.			
4. <i>Stimulere til godt samarbeid om og fora for kunnskapsproduksjon og -deling</i>	Styrke frivillig museumsarbeid ved dei regionale musea.		
	Utvikle møteplassar for kunnskapsproduksjon og deling på tvers av forvaltningsnivå og sjangrar, og mellom frivillige og profesjonelle aktørar.		
5. Ein offensiv kulturpolitikk på alle tre forvaltningsnivå skal støtte opp om initiativ og satsingar i kulturlivet	1. <i>Sette kulturpolitisk dagsorden</i>	Jamleg oppdatering av kunnskapen om kulturfeltet i Vestland	
		Etablere arena for å drøfte budsjettspørsmål og prioriteringar mellom stat, fylkeskommune og aktuelle kommunar.	
		Stimulere møte mellom kulturliv og styresmaktene for å løfte aktuelle kulturpolitiske utfordringar.	
		Sette aktuelle tema på dagsorden på den årlege kulturkonferansen som utviklast som debattarena.	

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
	2. <i>Styrke nettverk og kompetansedeling i heile fylket</i>	Etablere regionalt nettverk for kultur for kommunane og fylkeskommunen, i samarbeid med KS
		Etablere samarbeid mellom det offentlege og private stiftingar knytt til finansiering.
		Opprette råd for kulturfrivilligheita/amatørkulturen i Vestland
	3. <i>Støtte initiativ og satsingar i kulturfeltet gjennom målretta kulturpolitikk</i>	Tilpasse offentlege initiativ og økonomiske verkemiddel til målsettingane i regional kulturplan, og vurdere nye ordningar.
	4. <i>Styrke kunnskap om kulturplanlegging og politikktutvikling på kulturområdet</i>	Gjennomføre dialogkonferansar o.l. mellom fylkeskommunen, kommunar og andre samarbeidspartnarar.
		Utvikle kompetansesamarbeid mellom fylkeskommune og kommunane, mellom anna ved at fylkeskommunen bidreg i kommunale planprosessar.

2. Demokrati, deltaking og mangfald

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
Mål	Eit inkluderande kulturliv skal vere ein ressurs for å utvikle eit mangfaldig samfunn	
Delmål		Stimulere inkludering ved å redusere funksjonsbarrierar, transportutfordringar mv for deltaking i kulturlivet

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
1. Innbyggjarane skal ha høve til å delta i og utvikle kulturlivet	1. <i>Fjerne økonomiske, funksjonsmessige og kulturelle barrierar</i>	Vurdere å gjere aktivitetskort/fritidskort tilgjengeleg for alle barn, og styrke og utvide økonomiske støtteordningar og utlånstilbod
		Opne idrettsanlegg og skular for eigenorganisert aktivitet, og legge til rette for gratis bruk for barn og unge.
		Legge til rette for å gjennomføre ALLEMED og ALLEMED-UNG i alle kommunar i Vestland, som del av iverksetjinga av Fritidserklæringa.
		Styrke demokratisk tilgang til kulturarven gjennom digitalisering.
		Gjere biblioteka meir tilgjengelege for alle gjennom oppsøkjande tenester og meiroopne bibliotek.
	2. <i>Kommunane skal legge til rette for eit aktivt og levande frivillig kulturliv</i>	Stimulere utarbeiding av frivilligstrategiar i kommunane.
		Legge til rette for medverknad, særleg frå barn og ungdom, i utvikling av tilbod m.a. i kulturskule og kulturinstitusjonar.
		Støtte og utvikle kinotilboda.
		Styrke frivilligsentralane.
	3. <i>Utvikle eit variert kulturtilbod for unge, eldre og særskilde grupper</i>	Stimulere kulturinstitusjonane si merksemd på ungdom som publikum og kulturbrukarar.
		Utvikle fagområdet kultur og helse, og styrke nettverk og kompetansedelning på området.
		Greie ut ordning med «Kultur på resept».
		Utvikle samarbeidet mellom kultur- og helsesektoren gjennom satsing på kulturformidling til eldre, m.a. ved å evaluere og styrke Den kulturelle spaserstokken.
		Etablere nettverk for musikkterapeutar i fylket, og legge til rette for samarbeid om praksis mellom desse og Universitetet i Bergen.
		Legge til rette for samarbeid mellom bibliotek og andre aktørar for å stimulere til leselyst
		Legge til rette for e-sport og gaming, og utvikle kunnskap på feltet.
4. <i>Legge til rette for at lokale initiativ og eldsjeler får blomstre</i>	Utvikle kulturtilboda for studentar.	
	Anerkjenne frivillig innsats som ei viktig lokal kraft, og understøtte denne for å styrke beredte og inkluderande samfunn.	
	Legge til rette for at unge talent og toppidrettsutøvarar skal få utvikle seg i lokalmiljøa/regionen.	
	Stimulere dugnadsinnsats i lokalsamfunna.	

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
		Støtte frivillig kulturminnevern.
2. Kulturlivet skal bygge på likeverd og mangfald, og motverke utanforskap	1. <i>Spisse midlar inn mot deltaking, universell tilrettelegging og alders- og funksjonsvenlege arenaer</i>	Prioritere arenaer der menneske kan delta saman på tvers av alder, funksjon og helsetilstand, og som motverkar rasisme og diskriminering.
		Gi informasjon om kulturtilbod og kulturbruk som del av vaksenopplæringa for framandkulturelle.
		Arbeide for universell tilrettelegging av kulturarenaer og anlegg.
	2. <i>Utvikle kompetanse og verkemiddel i profesjonell og frivillig sektor for å oppnå fullverdig inkludering</i>	Stimulere til større relevans og mangfald i alle deler av kulturlivet, og formidle forventingar om at kulturlivet tek medansvar for inkludering og integrering i samband med offentleg støtta tiltak.
		Utvikle tiltak for å auke mangfaldskompetansen i kulturlivet.
		Støtte institusjonane sitt arbeid med publikumsutvikling.
	Arbeide for å sikre og bevare privatarkiv og anna kulturhistorisk dokumentasjon om underrepresenterte grupper i Vestland.	
3. Vestland skal ha opne og inkluderande kulturarenaer	1. <i>Skape gode møteplassar gjennom styrking av det kommunale tenestetilbodet</i>	Legge forholda til rette for ei meir effektiv og tilpassa utnytting av arenaer og kulturhus.
	2. <i>Styrke kulturarenaer som kjelder til danning, opplysning og myndiggjering</i>	Støtte arenaer, miljø og tiltak som fremmer kritisk tenking.
		Ha særleg fokus på utvikling av mangfaldige møteplassar for ungdom.
		Vidareutvikle musea og biblioteka si aktive rolle som arena og møteplass for samfunnsdebatt.
		Folkebiblioteka skal styrke digital kompetanse hos innbyggjarane gjennom verkstader og utlån av utstyr.
		Stimulere samarbeid på tvers av nivå, og med frivillige og profesjonelle aktørar, som sikrar breidde og mangfald på arrangement, i samtale og debatt.
	3. <i>Støtte opp om utvikling av lokale og regionale arenaer og møteplassar med større breidde i uttrykk og deltaking</i>	Etablere og støtte opp om utvikling av lokale og regionale arenaer og møteplassar der deltakarane sjølv kan initiere aktivitet.
		Legge til rette for at kulturarenaene er frie ytringsrom.
Etablere møteplassar med sosial tryggleik for alle.		

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
4. Kulturlivet skal styrkast gjennom samhandling	4. <i>Søkje felles løysingar og sambruk</i>	Prøve ut modellar for sambygging/samdrift av kultur- og idrettsarenaer. Oppmuntre møteplassar på tvers av organisasjonar, næringsliv og det offentlege.
	1. <i>Utvikle gode møtepunkt mellom forvaltning og kulturlivet</i>	Utvikle kulturkonferansen som møtestad for debatt, kunnskapsdeling, nettverksbygging, som kjelde til inspirasjon. Fylkeskommunen skal legge til rette gode møtearenaer (fagsamlingar og konferansar), og delta i samlingar initiert av kulturlivet der det er naturleg.
		2. <i>Styrke samhandling og nettverksarbeid</i>
	3. <i>Styrke samarbeid mellom frivillige og profesjonelle aktørar</i>	Utvikle nettverk og paraplysamarbeid, og stimulere til forpliktande samarbeid mellom frivillige og profesjonelle aktørar Styrke samhandling gjennom informasjon på felles nettsider og arrangementskalendrar.
		Samle drifts- og eigeomsansvar hos dei regionale musea, og reorganisere dei lokale eigarstiftingane til museumsvenelag

3. Verdiskaping

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
Mål	Kulturen skal vere grunnlag for sosial, miljømessig og økonomisk verdiskaping	

	Strategiar 2023–2026	Tiltak/Handlingar
Del-mål 1. Kulturell verdiskaping skal bygge på profesjonalitet, samvirke og innovasjon	1. <i>Ta heile Vestland i bruk i den kulturelle verdiskapinga</i>	Koordinere innrettinga av næringspolitiske og kulturpolitiske verkemiddel og støtteordningar. Stimulere samarbeid mellom kultur- og næringsliv om utvikling av kulturnæringane. Nytte kulturarven som ressurs i lokal stadutvikling og planlegging. Utvikle Vestland som lokasjon for filminnspeling. Kartlegge den sosiale og økonomiske verdiskapinga i kulturliv og frivillig arbeid. Styrke nynorsk som skriftspråk, mellom anna gjennom gode rammevilkår for institusjonar og initiativ innan kulturelle- og kreative næringar som tek tydeleg språkansvar.
	2. <i>Utvikle og bruke ny teknologi</i>	Støtte opp om berekraftig digital utvikling på kulturfeltet. Sikre, forvalte og gjere samfunnsdokumentasjonen tilgjengeleg digitalt. Medverke i utviklinga av digitale verktøy og tenester som gjer kulturarven tilgjengeleg for alle.
	3. <i>Styrke klynger og samarbeid der by og land kan utfylle kvarandre</i>	Utvikle og vidareutvikle kulturnæringsklynger. Bygge regionalt samarbeid gjennom samhandling og nettverksarbeid på tvers i kulturlivet. Styrke fagmiljø og klynger som utviklar og systematiserer kunnskap innan kulturfeltet. Regionale kompetansesentera må styrke samarbeid, kompetanse og formidling til beste for kulturnæringane der det er naturleg.
	4. <i>Styrke den kulturelle grunnmu- ren som grunnlag for verdiskaping</i>	Vidareføre tilskotsordningar retta mot strategisk utvikling av folkebiblioteksektoren, og utarbeide og gjennomføre planar for systematisk kompetanseutvikling av bibliotektilsette. Folkebiblioteka skal vidareutvikle seg som arena for delta-kande og skapande verksemd, inkludert tilbod for gründerar.

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
2. Berekraftig forvaltning av kultur- og naturarven skal vere basis for nyskaping		Styrke samhandlinga mellom DKS, UKM, kulturskulane og kulturlivet som verktøy for verdiskaping og for å motverke utanforskap.
		Utvikle både lokale kulturarenaer og kulturbygg med regionale funksjonar som knutepunkt for verdiskaping.
		Styrke forvaltinga av kulturhistoriske bygg på musea.
	1. <i>Utfordre kulturlivet til å ta sin del av ansvaret for å nå berekraftsmåla</i>	Fylkeskommunen og kommunane skal vurdere å stille krav til berekraft i tilskotsordningar som verkemiddel for grøn omstilling på kulturfeltet.
		Utvikle verdsarven som ressurs for eit berekraftig reiseliv.
		Auke kompetansen om besøksforvaltning og berekraftig friluftsliv, og jobbe for tettare samarbeid mellom kommunar, lokalt næringsliv, grunneigarar og reiselivsnæringa om berekraftig besøksforvaltning.
		Styrke musea som arena for merksemd og debatt kring klimautfordringane og naturkrisa.
		Legge til rette for at kulturlivet tek i bruk Grønt vegkart.
		Styrke regionalparkane som lokale verdiskapingstiltak.
		2. <i>Styrke kulturlivet si innovative rolle i berekraftig nyskaping</i>
Styrke rådgjeving knytt til sirkulær økonomi, vern gjennom bruk, tradisjonshandverk og bruk av tradisjonelle, kortreiste materialressursar		
Vidareføre satsingar på verdiskaping basert på natur- og kulturmiljø		
Identifisere handlingsrom og potensial for energiutvikling basert på kulturmiljø		

	Strategiar 2023–2026	Tiltak/Handlingar
3. Kunstnarar og andre kulturaktørar skal kunne arbeide og leve av verksemda si	1. <i>Styrke det frie feltet gjennom målretta verkemiddel på kommunalt, fylkeskommunalt og statleg nivå</i>	Innrette betre og faste ordningar for utstillingshonorar og vederlag særleg innan det visuelle kunstfeltet Styrke kunstnarstipend på alle forvaltningsnivå. Styrke støtteordningar til kunstproduksjon.
	2. <i>Støtte opp under kulturell og kreativ næring</i>	Stimulere til innovasjon og utvikling gjennom å understøtte initiativ frå aktørar og bransje. Støtte opp under forfattarar og litterære miljø for å styrke litteraturen som næring.
4. Kulturell verdiskaping skal styrkast gjennom utdanningstilbod og gode nettverk for kunnskaps- og erfaringsdeling	1. <i>Styrke samhandling og nettverksarbeid på tvers av kultursektoren</i>	Stimulere til utveksling av erfaringar på tvers av kommunegrensene, mellom einskilde kulturaktørar, mellom kulturinstitusjonane, paraplyorganisasjonane og faglege nettverk. Utvikle gode og opne arenaer for samhandling og nettverksarbeid. Styrke regionale organisasjonsledd, slik at desse er rusta til å støtta dei lokale organisasjonane.
	2. <i>Styrke samhandling mellom kulturfeltet, forskning og utdanning, og innovasjons- og næringssektoren</i>	Jobbe for fleire lærlingplassar, praksisplassar og hospiteringsordningar på kulturfeltet. Oppdatere utdanningstilbodet knytt til bygningsvern.
		Etablere sceneteknikarutdanning i samarbeid med vg. utdanning.

5. Kunnskapsbygging og kunnskapsdeling

		Strategiar 2023–2026	Tiltak/Handlingar
Mål:	Kunnskap skal vere grunnlaget for ei systematisk og planmessig kulturutvikling		
Del-mål:	1. Kunnskapsproduksjon og forskning skal styrkast	<p>1. <i>Bygge eit heilskapleg kunnskaps-system som basis for utviklinga av kulturfeltet</i></p> <p>2. <i>Kartlegge behov for forskning innan kultur</i></p> <p>3. <i>Stimulere til langsiktig oppbygging av forskingsmiljø med solid kunnskap om kultur- og medie-sektoren</i></p>	<p>Legge til rette Kulturstatistikk Vestland - digital statistikk og kunnskapssamling, med særleg blick på situasjonen i kommunane.</p> <p>Kartlegge barrierar for deltaking, engasjement og publikumsutvikling.</p> <p>Analysere utfordringar og moglegheiter i lokalsamfunna.</p> <p>Vidareutvikle barnefamiliepanelet i samarbeid med kommunane.</p> <p>Stimulere samarbeid mellom kultur- og forskings- og utdanningsinstitusjonar slik at forskingsbehova kan forankrast i både kulturliv og akademia.</p> <p>Etablere kunnskapsbase for relevante utgreiingar og kulturforskning, i samarbeid med UH-sektoren.</p> <p>Sikre vidareutvikling av kompetanse i det profesjonelle kulturfeltet gjennom samarbeid med universitetet og høgskule.</p> <p>Styrke forskingskompetanse og forskingsaktiviteten ved musea i Vestland.</p>

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
		Arbeide for å etablere tilbod om høgare utdanning på universitets- og høgskulenivå innafor fartøyvern, samtidig som fagkompetanse og infrastruktur for handverksopplæring vert styrkt.
	4. <i>Styrke og utvikle økonomiske verkemiddel for kunnskapsutvikling og forskning</i>	Stimulere til forskning om kultur ved å utvikle tilskotsordningar og program for kunnskapsutvikling og forskning. Jobbe for at privat finansiering i større grad vert tilgjengelege for kunnskapsarbeid på kulturområdet.
2. Det skal leggest til rette for forskning og kunnskapsutvikling i samarbeid mellom universitets- og høgskulesektoren (UH), offentlig forvaltning og kulturlivet	1. <i>Bruke forskning og kunnskapsutvikling som bidrag til god oppgåveløysing og politikktutvikling i kultursektoren</i>	Sikre utvikling av kompetanse i kulturfeltet i samarbeid med academia gjennom partnerskap mellom kultur- og utdanningsinstitusjonar.
		Prioritere systematisk formidling av forskning og kunnskapsutvikling relevant for kulturfeltet.
		Utvikle KPI for kulturfeltet, indikatorar for berekraft i kultur, i samarbeid med kommunane og kulturaktørane i Vestland.
	2. <i>Fjerne barrierar som hemmar forskningssamarbeid mellom UH-sektoren og kunnskapsorganisasjonar på kulturfeltet</i>	Etablere samarbeid mellom kulturlivet, offentlig forvaltning og universitet/høgskule om fagformidling og studiestøtte på bibliotekfeltet, kulturarvssektoren og innan digital kulturformidling.
		Stimulere til auka dialog mellom UH-sektoren og kunnskapsorganisasjonar på kulturfeltet for å fjerne strategiske hinder som hemmar forskingsamarbeid.
	3. <i>Styrke kunnskapsmiljø utanom dei offentlege utdannings- og forskingsinstitusjonane</i>	Gjennom nettverk, konferansar, kurs, kunnskapsgrunnlag: - styrke folkemusikk og folkedansfeltet gjennom kunnskap og nettverksarbeid

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
		<ul style="list-style-type: none"> - kartlegge musikkterapiressursar i fylket, og danne nettverk for desse. legge til rette for samarbeid om praksis mellom desse og studentar på musikkterapi ved Griegakademiet - legge til rette for kompetanseheving innan idrett, fysisk aktivitet, anleggsutvikling og friluftsliv
3. Det skal leggjast til rette for auka nasjonalt og internasjonalt kunnskapssamarbeid	1. <i>Styrke tilgjengeleggjering og formidling av relevant og kvalitetssikra kunnskap</i>	<p>Vidareutvikle arbeidet med tradisjonelle handverk og anna immateriell kulturarv</p> <p>Vidareutvikle folkebiblioteka som arenaer for læring og kunnskapsformidling</p>
	2. <i>Stimulere til deltaking på nasjonale og internasjonale kunnskapsarenaer</i>	<p>Stimulere deltaking i EU-program og internasjonalt arbeid knytt til læring, kunnskapsdeling og kompetanseutvikling.</p> <p>Styrke nasjonalt og internasjonalt kunnskapsarbeid knytt til verdsarven i Vestland</p>
	3. <i>Legge til rette for kunnskapsdeling mellom aktørane på kulturfeltet</i>	<p>Delta aktivt i nasjonale samarbeid om digitale fellesløysingar for forvaltning av kulturfeltet.</p> <p>Legge til rette for kompetanseheving gjennom regionale og nasjonale nettverk, konferansar, kurs, o.l.</p>
1. Nettverk, klynger, regionale kompetansesenter og samhandlingsarenaer skal styrkast	1. <i>Arbeide for eit felles kunnskapsløft på tvers av forvaltningsnivå og aktørar</i>	<p>Utvikle kunnskap om barn og unge sin fritidsbruk, gjennom å legge til rette informasjon i barnefamiliepanel for kommunar, frivillige og forskning.</p> <p>Aktivt samarbeid mellom fylkeskommunar skal gi prioritert utvikling av kompetanse og tenester på bibliotekfeltet.</p>
		<p>Legge til rette for deling og samordning av kulturmiljø- og klimadata.</p>

Strategiar 2023–2026		Tiltak/Handlingar
		Skape nye arenaer for samskaping og utvikle heilskapleg oversikt over mobile kulturminne.
		Bidra til å vidareutvikle Polyfon som tverrfagleg samarbeid om musikk som folkehelseressurs.
		Arbeide for at det vert utvikla arealrekneskap i alle kommunar, som grunnlag for kunnskapsbasert arealforvaltning som tek omsyn til viktige friluftslivsinteresser.
		Etablere kunnskapsklynger for kulturfeltet, med døme frå Idrettsklynge Vest, innan t.d. festivalfeltet.
	2. Støtte opp om kunnskapsklynger som jobbar på tvers av fagfelt	Styrke og vidareutvikle etablerte kunnskapsklynger som går på tvers av fagfelt og er relevante for ulike typar organisasjonar.
		Etablere og styrke samarbeidsarenaer med UH-sektoren innan digital kulturformidling
		Sjå på moglege samarbeidspunkt mellom Polyfon kunnskapsklynge for musikkterapi, Idrettsklynge Vest og Alrek helseklynge
	3. Vidareutvikle kunnskap som avgjerdsgrunnlag for kulturpolitikken på fylkeskommune- og kommunenivå	Gjennomføre/revidere kartlegging og verdsetting av friluftsområde i alle kommunar i Vestland
		Lage kunnskapsgrunnlag om kulturmiljø av regional interesse/verdi i Vestland, som bidrag til regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar
		Kartlegge krigsminne i Sogn og Fjordane slik at regionen sitt samla kunnskapsgrunnlag vert komplett
Gjere tilgjengeleg og formidle dokumentasjon av kulturminne		
	Utarbeide og revidere sektorvise verneplanar for fylkeskommunal eigedom	

Strategiar 2023–2026			Tiltak/Handlingar
			Vere ein aktiv pådrivar og gå framføre med gode døme på bruk, ombruk og gjenbruk av fylkeskommunal eigedom

5. Vidare planarbeid i Vestland

Det skal utarbeidast planar og strategiar innan desse felta

Plantype	Namn	Ny	Revisjon	År	
Regional plan	Regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar - Lage kunnskapsgrunnlag for kulturmiljø av regional interesse/verdi i Vestland som bidrag til regional plan for areal, natur- og kulturminneressursar	X		23-25	Avheng av ny utviklingsplan
Temaplanar	Bevaringsplan for privatarkiv i Vestland	X		23 - 24	
	Museum i Vestland	X			
Strategiar	E-sport		X		
	Frivilligheit		X		
	Anleggspolitikk og kriterium for tildeling av spelemidlar 2022-2024		X		
	Bibliotek	X		23-24	
	Kulturarv: - Kunnskapsutvikling, innsamling og formidling av førreformatoriske kulturminne - Bevaring av mobile kulturminne - Bevaring, formidling og utvikling av verdsarv - Digital strategi	X X X X		23-24 23-24	

Plantype	Namn	Ny	Revisjon	År
	Friluftsliv: - Kartlegging og verdisetting av regionale friluftsområde og turruter - Utvikle forvaltningsplanar for alle sikra friluftsområde	X	X	23-24
	Kunst og kultur: - Kulturarena - Strategi for aktivitet og for inkludering, mangfald og deltaking i kultur - Festivalar og store arrangement - Folkemusikk	X		24
	Den kulturelle skulesekken	X		23-24
	Det profesjonelle kunstfeltet	X		
	Kulturell og kreativ næring	X		24